



DKG. Kunnskapsdepartement

Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	J.post id.	Arkiv	Dato
	08/751-8	09/11145	N-212/	08.12.2009

**Høyring - Framlegg til endring i opplæringslov og privatskulelov -
Leksehjelp, Skyss og Politiattest**

Sender med dette høyringsuttale frå Ullensvang herad.

Med helsing
Ullensvang herad

Tone Tveit Eidnes
Rådmann

Inger Sekse
Pedagogisk konsulent

Sakshandsamar sin tlf: 53671573
Sakshandsamar si e-postadr.: inger.sekse@ullensvang.herad.no

Kopi til arkiv og kopibok

Høyring – Forslag til endring i opplæringslov og privatskolelov – Leksehjelp, Skyss og Politiattest

Plikt for skuleeigar å tilby elevar på 1. – 4. årstrinn leksehjelp

Ullensvang herad ynskjer ein større diskusjon om innhaldet (undervising, fysisk aktivitet, leksehjelp, SFO) og organiseringa av skuledagen. Ved innføringa av L 97 og skulestart for 6-åringane vart det teke undervisingstimar frå dei eldste elevane og flytta til dei yngste. No aukar ein timetalet i skulen litt etter litt, ein time eit år og to timar eit anna år. Frå 01.08.09 vart det lagt inn 76 årstimar til fysisk aktivitet og no kjem det framlegg om plikt for skuleeigar å tilby elevane på 1.- 4. trinn leksehjelp.

Det fører til at leiinga på skulane og i kommunane kvart år brukar mykje tid på organiseringa av skulekvardagen. Ein time til på dette steget. Då må skuledagen omorganiserast, skuleskyssen endrast, lærar- og assistentstillingar aukast eller minkast, tida i SFO endrast. I tillegg kjem møtetida der den nye ordninga skal diskuterast og planleggjast. Dette gjer ein no kvart år!

Stortingsmelding 31 – Kvalitet i skulen, seier noko om at Stortinget no ynskjer å satsa på kvaliteten i skulen. Då må Stortinget og dei som styrer syta for at det vert tid til dei pedagogiske diskusjonane og utviklingsarbeidet! No kjem det heile tida høyringar og lovendingar som ein skal forhalda seg til. Foreldre og elevar er meir enn nokon gong opptekne av rettane sine. Skuleleiarane har plikt til å vera oppdaterte, men det tek tid. Slik me ser det vert for mykje av arbeidet i skulen styrt av praktisk tilretteleggjing, organisering og oppdatering.

Ullensvang herad ligg på tre sider av Sørfjorden og Hardangerfjorden. Me er ein langstrekt kommune, der dei fleste elevane har skuleskyss. Tilbodet om leksehjelp er flott. Men for nokre foreldre hjå oss, vil det nok ikkje vera eit reelt tilbod. For elevar som går på SFO går det greitt. Elevar med skuleskyss og som ikkje går på SFO, vil reelt sett ikkje få eit tilbod om leksehjelp. Ein kan ikkje forventast at foreldre som bur ei mil unna, har høve til å henta etter at leksehjelptida er over. Dette må organiserast på ein eller anna måte.

Vårt ynskje er ein større debatt om innhaldet og organiseringa av skulen i eit lenger tidsperspektiv, slik at ein får gjennomført gode endringar som skal gjelda for meir enn eit år. Dersom målet er heildagsskule, så må ein ta debatten og få gjennomført endringane! Skulen treng arbeidsro, i alle fall for ein liten periode. Slik det fungerer no vert altfor mykje tid og krefter brukt på å organisera små, praktiske endringar. Det er lett å verta sytete og frustrert. Tida burde heller vore brukt på pedagogisk utviklingsarbeid, innhaldet og kvaliteten i skulen! Det vil også få opp entusiasmen og gløden for arbeidet i skulen.

Me har ingen merknader til dei andre framlegga i høyringa.